



AGDER FYLKESKOMMUNE
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref:
2024/511-5

Sakshandsamar:
Kjetil Vik
Kjetil.Vik@bykle.kommune.no

Dato:
26.09.2024

Høyringsvar - 4-årig tilbudsstruktur for videregående skole i Agder - Bykle kommune

Med atterhald om vedtak i Levekårsutvalet 9. oktober 2024 og Kommunestyret 17. oktober 2024 sender Bykle kommune inn følgjande høyringsvar:

Kommunestyret gir følgande høyringsinnspel til «4-årig tilbudsstruktur for videregående skoler i Agder – 2025/2026-2027/2028»:

Med bakgrunn i at tilbudsstrukturen for dei to nærskulane i regionen i hovudsak blir haldne oppe stiller kommunestyret i Bykle kommune seg bak det framlagde forslaget, med unntak av reduksjon i elevplassar ved Setesdal vidaregåande skule avd. Hornnes.

I tillegg oppmodar kommunestyret fylkeskommunen om å oppretta tilbod innan sal, service og reiseliv, eit VG1-løp innan Handtverk, design og produktutvikling og dessutan t.d. implementera fagområdet økologisk naturreparasjon som del av anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.

Som del av ei strategiske satsing på kompetanse, har ein de siste åra etablert eit velfungerande og konstruktivt samarbeid med Setesdal vidaregåande skule når det gjeld bruk av lokalar, infrastruktur osv. Pr i dag gjeld dette fleire distriktsvennlege og fleksible bachelorutdanningar. Denne hausten startar ein opp med vidareutdanning i E-helse og velferdsteknologi for kommunehelsetenesta i regi av Fagskolen i Agder. Denne type samarbeid kring studiestad meiner vi er nyttig og ressurseffektivt for alle partar, og vi håper å kunne både fortsette det gode samarbeidet og vidareutvikle andre studietilbod over same lest i åra som kjem.

Med helsing
Bykle kommune

Kjetil Vik
Skule- og oppvekstansvarleg

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.